


Lindås kommune

28.09.2015

Byggesakavdelinga

V/ Anne Lise Molvik



Tilsvar på høyring –søknad om oppgradering av utslepløyve – gbnr. 181/11 Torsheim.

Parasellen «Kalvetræet» gbnr. 181/11 på garden Torsheim i Lindås kommune er ein gamal husmannsplass som går tilbake til år 1691. Våningshuset som står på plassen i dag er bygd som heilårsbustad rundt år 1930, og ein driftsbygning til eggproduksjon til rundt 250 høns.

Det var onkelen min Johannes O. Thorsheim f. 1906 som var brukar og eigar i 1980, då Storavatnet vart drikkevatn for Lindås kommune. Han døydde i 1981. I 1983 vart eg heimelshavar til eigendomen.

For meg har bygget på eigendomen vore å sjå på som våningshus, ikkje som fritidshus. Huset har etter 1983 ikkje vore nytta så mykje, men teke vare på og vedlikehalde. Huset må såleis sjåast på som våningshus, noko også huset er registrert som i matrikkelen.

Eg ynskjer no å oppgradera huset til dagens standard og søker om å oppgradera utslepløyvet til biologisk/reinseanlegg av typen Biovac (FD 5 N peh).

Dette gjer eg etter §1 i klausuleringsførersegner for Storavatnet.

«Ved brann eller elde vert det gjeve løyve til turvande gjennoppføring og/eller fornying av eksisterande bygningar».

Eg viser og til oppgradering av våningshus på gbnr. 182/1 Gausereid som fekk løyve til same oppgradering for nokre år sidan.

Til orientering er denne eigendomen lengst vekke frå inntaket til drikkevatn til Lindås kommune. Dreneringsjorda frå neverande slamavskiljar er morenejord, slik at sandfilter ikkje var naudsynt då Lindås kommune bygde neverande anlegg i 1983.

Vonar dette er avklarande.

Venleg helsing

Olav O. Thorsheim